

Fyldig og interessant, flott og godt.

29.11.2011



Køyring frå bryllup med Chevrolet (Foto i Uskedalsposten)

Frå torsdag kan uskedelingar og andre kjøpe julenummeret av Uskedalsposten på dei vanlege utsalgs plassene. Som dei 6 tidlegare åra imponerer Ola Matti Mathisen, Tore Mathiesen og Britt Torill Mathiesen samt staben ellers med eit fyldig og godt julehefte som har variert og interessant innhald. Heile 44 sider presenterer dei for lesarane denne jula og.

Eg skal ikkje gå mykje inn på innhaldet etter å ha hatt ein rask gjennomgang på bladet. Men eg kan slå fast at det er mykje interessant å kosa seg med. Eg ser i alle fall at eg skal ta meg god tid med det, for det treng eg for å få utbytte av alt som interesserer

Her er mykje godt stoff knytt til juletradisjonane. Gjennom Kristian O. Bringedal sin penn får vi oppleve ein velkjend tradisjon frå gardane; - slaktinga og det som følgde med. Kven som er slaktarane, ja, det treng ikkje eg røpa..... Dei unge journalistane Sunniva E. Myklebust, Ingeborg H. Bjørnebøle og Tina B. Eik fortel korleis barnehageborna på Dønhaug får vera med på slakting og den vidare matlaginga.

Dei tre ungentene har og ansvaret for mykje anna godt stoff, som intervju med Børsdalsnissen, konkurransar og oppskrifter og anna julestoff for å nemne noko. Flinke har dei vore, og lesarane vil nok setja stor pris på det.

Marit Inga Tråvik Sture imponerer også med ein grundig artikkel om moderne elektroniske hjelpemidlar der ho ikkje minst har gjort skikkeleg førehandsarbeid.

Dei 6 innvalde politikarane slepp til med sine prioriteringar og er gledeleg nok ganske einige. Det lovar bra for den nye perioden.

Røysterrett for alle sin eigen rimsmed Svein Rimestad fortel om arbeidet med å omsetja/omskriva songar frå andre språk, medan Kristian O.Bringdal har teke for seg den store salmediktaren Elias Blix med vekt på dei mest kjende og kjære julesongane hans.

Ola Matti Mathisen har gjennom åra formidla mykje interessant lokalhistorisk stoff krydra med gamle og gode bilde gjennom Uskedalsposten. Han skuffar ikkje denne gangen heller; - no får vi gjenoppleva alle drosjebilane til tidlegare drosjesjåfør Fridtjof Sunde. Kulturhistorie må vi og kalla presentasjonen av ein av julebutikkane i bygda.

Eg kan lova at de finn endå meir kjekt stoff i dette juleheftet. Eg ser fram til å setja meg ned, ta meg god tid medan eg les, og løyser oppgåver; - kort sagt: kosar meg! Eg veit frå tidlegare at utflytte uskedelingar set stor pris på å få heftet tilsendt. Det er dagens tips!!

Av Thor Inge Døssland



Nelly byr på bollar i Bedehuset (Foto i Uskedalsposten)